

# Høyringsuttale frå Sunnmøre regionråd – Fylkesstrategi for samferdsel 2027–2030

Sunnmøre regionråd viser til høyring av *Fylkesstrategi for samferdsel 2027–2030* med tilhøyrande kunnskapsgrunnlag og resultatmål.

Vi støttar hovudretninga i strategien. Prioriteringa av framkome, trafikktryggleik og beredskap, samt hovudgrepet om å ta vare på det vegnettet vi har, utbetre der vi kan og byggje nytt der vi må, er realistisk og nødvendig i ei tid med avgrensa økonomisk handlingsrom. Samstundes meiner vi strategien må vere tydelegare på korleis ambisjonane skal følgjast opp i møte med strukturelle økonomiske utfordringar og store regionale forskjellar i behov.

## Økonomisk realisme og strukturell underfinansiering

Fylkesstrategien skildrar eit avgrensa handlingsrom, høg gjeld og aukande kostnader, særleg innan ferjedrift. Sunnmøre regionråd meiner strategien i større grad må nyttast som eit aktivt politisk verkemiddel for å synleggjere og motverke den strukturelle underfinansieringa av samferdselsområdet. Staten må i større grad kompensere for kostnader og inntektstap knytt til gratis ferje og generell prisvekst. Dersom denne ubalansen ikkje vert retta opp, vil konsekvensen vere svekka vedlikehald, auka risiko for stenging og restriksjonar, og redusert trafikkssikkerheit.

For ein eksportregion som Sunnmøre er dette ikkje berre eit spørsmål om komfort eller reisetid, men om konkurransekraft, arbeidsplassar og verdiskaping.

## Fornyng av kritisk infrastruktur og robuste korridorar

Sunnmøre regionråd støttar prioriteringa av opprusting og fornyng av eksisterande infrastruktur. Samstundes må strategien vere tydelegare på at kritiske konstruksjonar, bruer, tunnelar og flaskehalsar skal prioriterast der dei har størst betydning for samfunnstryggleik, næringslogistikk og tilgang til sentrale tenester som helse og utdanning.

Vi meiner det bør leggjast større vekt på å utvikle samanhengande og robuste transportkorridorar som sikrar omkøyringsmoglegheiter, tilkomst for naudetatar og stabil tilgang til byar, hamner, ferjekaier og flyplass. I eit fylke med krevjande topografi, lange fjordar og hyppige vêrutfordringar må transportsystemet vere dimensjonert for å handtere avbrot utan at heile regionar blir isolerte.

## Trafikktryggleik og systematisk drift

Sunnmøre regionråd støttar nullvisjonen og prioriteringa av trafikktryggleik. Vi meiner likevel at samanhengen mellom trafikktryggleik og systematisk drift og vedlikehald må kome tydelegare fram. Standard på dekke, drenering, vinterdrift, veglys og siktforhold er avgjerande for å redusere ulukker. Dette må ikkje bli nedprioritert i ein pressa økonomi.

Særleg må trygge og samanhengande løysingar for skuleveg og mjuke trafikantar prioriterast. Trafikktryggleik handlar ikkje berre om punktvisse tiltak, men om heilskapleg standard og føreseieleg drift.

Sunnmøre regionråd meiner i tillegg at rassikring og klimatilpassing bør kome langt tydelegare fram i strategien. I faktagrunnlaget blir det vist til at Møre og Romsdal vil få auka utfordringar knytt til overvatn, endringar i flaumforhold og flaumstorleikar, jordskred og flaumskred, samt havnivåstiging og stormflod. Desse forholda er direkte relevante for fylkesvegnettet, men er i liten grad omtalte i strategidelen. Rassikring og førebygging av skred og flaum må vere ein sentral del av arbeidet med trafikktryggleik, beredskap og framkome, og bør synleggjerast tydelegare i den endelege strategien.

## Kollektivtransport, regularitet og kapasitet

Sunnmøre regionråd støttar måla om at det skal vere enkelt å reise kollektivt, og at tilbodet skal vere universelt utforma. Samstundes vil vi understreke at auka kollektivbruk føreset regularitet, tilstrekkeleg frekvens og god samanheng mellom avgangar. Investeringar i infrastruktur og knutepunkt gir redusert effekt dersom rutetilbodet samtidig blir svekka.

Skal kollektivtransporten vere eit reelt alternativ til privatbil, må driftssikkerheit og kapasitet prioriterast. Dette gjeld både buss, ferje og hurtigbåt. Grøn omstilling er nødvendig, men må gjennomførast på ein måte som ikkje svekkar regularitet eller tilgjenge.

Strategien bør tydeleggjere at satsing der potensialet for auka kollektivbruk er størst må kombinerast med eit reelt minimumstilbod i distrikta. Fleksible løysingar som bestillingstransport, betre samordning mellom buss og drosje, og betre korrespondanse mellom transportmiddel kan vere kostnadseffektive verkemiddel for å sikre mobilitet i dei minst sentrale områda av fylket vårt.

## Skuleskyss og kvardagsmobilitet

For mange lokalsamfunn er skuleskyss og dagleg pendling avgjerande for tilliten til kollektivsystemet. Sunnmøre regionråd meiner strategien må sikre at samordning

mellom skuleskyss og ordinært rutetilbod ikkje fører til unødig lange skuledagar eller svekka regularitet. Kvardagsmobilitet for barn og unge må ha høg prioritet.

## Ferje og hurtigbåt som del av vegnettet

Sunnmøre regionråd legg til grunn at ferje og hurtigbåt er ein del av vegnettet for øyar og fjordkryssingar – og difor avgjerande for bu- og arbeidsmarknad og næringsliv.

Ferje og hurtigbåt er for store delar av Sunnmøre ein integrert del av vegnettet. Føreseieleg drift, tilstrekkeleg kapasitet og frekvens som står i forhold til dokumentert trafikkbehov er avgjerande for arbeidspendling, næringsliv og busetnad.

Strategien bør vere tydeleg på at ferjesambanda skal utviklast med ambisjon om stabilitet og regularitet.

Sunnmøre regionråd vil særleg peike på at dei sju beredskapsferjesambanda i fylket ikkje er nemnde i faktaboksen «Verdifylket» i høyringsdokumentet. Fire av desse sambanda ligg på Sunnmøre: 1054 Eidsdal–Linge i Fjord kommune, 1055 Sykkylven–Magerholm i Sykkylven og Ålesund kommunar, 1065 Volda–Lauvstad i Volda kommune og 1068 Hareid–Sulesund i Sula og Hareid kommunar.

Desse sambanda er heilt sentrale for regional beredskap, mellom anna for helse- og polititjenester. Strategien bør ha eit tydeleg fokus på at beredskapsferjesambanda skal ha høg prioritet, slik at beredskapsoppgåver ikkje svekker normal stabilitet og regularitet i sambanda. For dei aktuelle kommunane er dette ein føresetnad for tryggleik og samfunnstryggleik i kvardagen.

## Kommunal medverknad og samhandling

Sunnmøre regionråd meiner det bør etablerast tydelegare og meir forpliktande strukturar for kommunal medverknad i utvikling og endring av kollektivtilbodet. Kommunane sit med viktig lokalkunnskap om busetnad, skulestruktur og næringsliv som bør nyttast systematisk i planlegging og prioritering av rutetilbod.

Betre samhandling mellom fylkeskommune og kommunar vil styrke både legitimitet og kvalitet i avgjerdene.

## Oppsummering

Sunnmøre regionråd støttar dei overordna måla i strategien. Samstundes understrekar vi at ambisjonane må følgjast opp med tydelege prioriteringar, realistisk finansiering og ein klar distriktpolitisk dimensjon. Eit trygt, robust og føreseieleg transportsystem er ein

føresetnad for at Sunnmøre skal vere ein attraktiv bu- og arbeidsmarknad og ein konkurransedyktig eksportregion.

Sunnmøre regionråd ber om at fylkeskommunen i den endelege strategien presiserer korleis strukturell underfinansiering skal handterast politisk og økonomisk, konkretiserer prioritering av robuste transportkorridorar og kritisk infrastruktur, tydeleggjer krav til regularitet og frekvens i kollektiv- og ferjetilbodet, sikrar at skuleskyss og kvardagsmobilitet ikkje blir svekka gjennom samordningstiltak, og etablerer meir forpliktande strukturar for kommunal medverknad i planlegging av rutetilbod.